Bibelkveldar
Hausten 2022

«Fokus på misjon»

Denne hausten blir det tre bibelkveldar i **Bryne kyrkje** der me set fokus på misjon.

Me har sett av **tysdagane 11. og 25. oktober og 8. november** til dette.

Møtetida er **frå kl. 19.00 til 21.15**, med to innlegg kvar kveld og høve til å stilla spørsmål. Det blir kaffipause mellom innlegga.

Bryne Sokneråd er ansvarleg for tiltaket som er planlagt av ein komité med desse medlemmane: Jan Helge Stensland, Kjell Ragnar Thu og Jens Olav Mæland.

Me vonar på god oppslutnad om desse kveldane.

Stad: Bryne kyrkje.
Tid: Tysdag 11/10, 25/10 og 8/11 — kl. 19.00 til 21.15

«Fokus på Misjon»
Det blir fokus på misjon i bibelsk, historisk og aktuelt perspektiv.
«Misjon er den kristne kyrkja sitt DNA,» blir det sagt – og med rette!
Men det har også tidvis vore eit skjellsord, med krasse påstandar om kulturimperialisme, undertrykking mm.
I dei første århundra kryssa kyrkja både politiske, sosiale og kulturelle barrierar. Misjon skjedde under stor motstand, ja, forfølging. Også i dag lever mange kristne kyrkjer under hard motstand og trakassering. Men ingenting har kunna hindra spreiinga av evangeliet og etablering av nye livskraftige kyrkjelydar.

I dag finst den kristne kyrkja i alle verdsdelane, og i mange nasjonar er ein stor del av innbyggarane kristne. Det kristne evangeliet har sett sitt preg på kultur og livssyn, kvardagsliv og høgtider.

Målsetting
Gjennom desse kveldane vil me fokusera på misjon ut frå ulike innfallsvinklar, til kunnskap, innsikt, ettertanke og engasjement.

Ulike vinklingar
Tysdag 11. oktober vil **Jens Olav Mæland** skissera hovedlinjene i det bibelske perspektivet for misjon.
Det blir følgt opp av det historiske temaet *«Misjonsvisjonen og Madagaskar»* ved **Hans Austnaberg**.

Tysdag 25. oktober vil **Kjetil Aano** ta for seg det aktuelle emnet *«Globalisering som utfordring til den kristne kyrkja»*.
Erling Lundeby vil gje eit innblikk i *«Norsk misjon i Aust-Afrika»*.

Tysdag 8. november vil **Helge Gaard** gå inn i det aktuelle temaet *«Vår utfordring til misjon i dag»*.
Det siste innlegget blir halde av **Lars Dahle**. Temaet for innlegget hans er *«Misjon og media – utfordring og muligheter»*.

Desse vil stå for undervisinga:

Hans Austnaberg, VID/MHS-lærar og tidlegare Madagaskarmisjonær
Kjetil Aano, tidlegare generalsekretær i NMS
Erling Lundeby, tidligare misjonær for NLM i Kenya og lærer ved Fjellhaug Internasjonale Høgskole
Helge Gaard, generalsekretær i NMS
Lars Dahle, leiar for Gimlekollen Mediasenter
Jens Olav Mæland, tidl. lærer ved FiH og prest i DnK

Undervisingsmateriell

Det vil bli delt ut undervisingsmateriell og vist til aktuell litteratur.

Me trur mange vil ha stort utbytte av desse kveldane, og me ønskjer at bibelgrupper og foreiningar legg samlingane sine til desse temakveldane om misjon.

Program

Tid	Tema	Foredragshaldar
11. okt	Bibelteologisk oversikt: **Profetane i GT – og Jesus og apostlane si forkynning**	Jens Olav Mæland
	Misjonsvisjonen og Madagaskar	Hans Austnaberg
25. okt	Misjon i ei ny tid: **Globalisering som utfordring til den kristne kyrkja.**	Kjetil Aano
	Norsk misjon i Aust-Afrika	Erling Lundeby
8. nov	**Vår utfordring til misjon i dag…**	Helge Gaard
	Misjon og media – utfordring og muligheter.	Lars Dahle